


Pedant og lyrikar



CD

Elliott Carter

«Figments and Fragments»

2L

Johannes Martens Ensemble

100-år gamle Elliott Carter er ikkje den av årets jubilerande som er ytt mest merksemd her til lands. Slik er det på høg tid med denne Carter-innspeilinga, initiert av Johannes Martens, som har dyktige utøvarar på lag.

Portrettet dei teiknar er av ein godt vaksen komponist. Storparten av dei utvalde verka stammar frå dei siste 20 år, med eit unntak i sonaten for cello og klaver frå 1948 som innleiar plata og som gjev historisk perspektiv. For sjølv om verket ikkje er frå hans pure ungdom, virkar det søkjande og intellektuelt sett opp mot dei øvrige. Med ulikt musikalsk materiale arbeider musikarane mot kvarandre – med rytmisk snert, kraftfullt og inderleg – men samtidig pedantisk og stampande.

Slik er det forløysande å oppleve kontrasten til dei vakre «Figments» for cello solo, der Martens får utløp for sin rike klangproduksjon. Kompleksiteten i Carters verk har ikkje vorte mindre med åra, men uttrykket tykkjest klårna. Dømevis i «Enchanted Preludes», der musikarane stadig arbeider med kvar sine motiviske materiale, men der dei møtest meir enn før; og me kan spora dialog og ei varare tone. Òg solosatsane for fløyte og klarinett syner hangen til det ekstreme kombinert med ettertenksam varme, og i klarinetttrioen finst lyttande rom. I dei to fragment-stykkka mot slutt dannar flageolettar, langstrakte klangar og stillfarne impulsar eit vemodig, vakkert uttrykk.

Di nærare notid, di meir lyttarvenleg kan ein oppsummera. Men så, som for å motseia det heile, avrundast plata med det mest lyriske stykket av dei alle. «Elegy» er ikkje berre det mest lyttarvenlege men også det eldste på plata, og slik sluttast ringen på eit vis. Trass mellomrommet på 50 år – er avstanden mellom eldst og yngst fascinerande kort, som om Carter samlar trådene etter lang tids skapande verksemd.

nyeinstrykk@dagsavisen.no

IDA
HABBESTAD

